

Sakshandsamar:
 Åge Avedal
 E-post: Age.Avedal@sfj.no
 Tlf.: 970 72 734
Vår ref.
 Sak nr.: 18/26-54
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Dykkar ref.

Til: Nye folkevalde, kommunale eldreråd, kommuneleiing og ansvarleg for helse og sosial i kommunane i Sogn og Fjordane

Dato
FØRDE, 27.09.2019

Kjøken på sjuke- og aldersheimar. Innspel til kommunane

Mat kan bidra til trivsel og godt miljø. Glede over eit måltid er svært viktig for eldre på sjuke- og aldersheimar, der mange kan vere underernærte. Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane meiner at maten på sjuke- og aldersheimane bør lagast på staden av kvalifisert personale og bli servert på ein måte som vekkjer appetitt og matglede.

Fleire kommunar har valt å lage maten som blir servert på sjuke- og aldersheimar på eit sentralt storkjøken. Då blir det vanskeleg å lage mat som er tilpassa brukarane sine individuelle behov, og den blir heller ikkje servert på ein slik måte at matopplevinga blir ein viktig del av livet på institusjonen.

Fylkesråd for eldre i Sogn og Fjordane deltok på den nasjonale konferansen for eldreråd i Telemark i mai 2019. Eit av emna på konferansen var *Kosthold og ernæring for eldre i institusjon og hjemmeboende* ved Erlend Eliassen, kokk og ernæringsrettleiar i Sandefjord kommune. Han kom med eksempel på at eldre kom seg opp av rullestolen og senga, takka vere kokkar som laga rett mat og skapte matglede. Pasientar eller andre som ikkje hadde matlyst, var underernært eller hadde dårleg svelgjefunksjon fekk mellom anna eigenlagde frukt- og bærholdige styrkedrikkar fulle av kaloriar, protein og antioksidantar. Dette er også effektivt i sårstell, då protein gjer at sår gror raskare. Under- og feilernæring gir dårlegare helse- og livskvalitet, og aukar faren for å bli svimmel, brotskadar ved fall og auka risiko for liggesår. Erfaringa frå Sandefjord viste at kostprisen per døgn per bebuar var på 125 kroner ved lokale kjøken på institusjonane.

Vi minner om at regjeringa i revidert nasjonalbudsjett 2019 foreslo å opprette eit investeringstilskot til lokale kjøkenløysingar med eige produksjonskjøken. Ordninga blir sett i verk via Husbanken frå 1. oktober 2019 med ei tilsegsramme på 12,5 millionar kr for 2019.

Kjøken på sjuke- og aldersheimar styrkar livskvaliteten og trivselen for bebuarar på institusjon!

Vi ber om at de sender vidare dette brevet til alle nye folkevalde i kommunen, samt eldreråd, kommuneleiing og ansvarleg for helse og sosial.

Med helsing

Harald Ekroll
leiar i fylkesråd for eldre Sogn og Fjordane

Åge Avedal
rådgjevar / sekretær fylkesråd for eldre

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Kommunane i Sogn og Fjordane ved postmottak

Kopi til:

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane